



Kommunar, fylkeskommune, universitet, fagskule, høgskular i Vestfold og Telemark

Saksbehandlar, innvalstelefon

Ellen Bang Andersen, 35 58 63 42

## Utlysing - Kompetanse- og tenesteutviklingstilskot 2023

Tilskot til kompetanseheving og tenesteutvikling skal bidra til å redusere mangelen på personell med relevant fagutdanning i omsorgstenesta, og leggje til rette for ein berekraftig omsorgsteneste.

**Søknadsfrist 15. mars 2023.**

### Kven kan søkje:

- Kommunar kan søkje om tilskotsmidlar til kompetansetiltak, opplæring knytt til brukarstyrt personleg assistanse (BPA) og tenesteutviklingsprosjekt.
- Kommunar kan gjerne søkje i samarbeid med andre kommunar, helseføretak, næringsliv, frivillig sektor eller andre aktørar.
- Høgskular og universitet kan søkje om midlar til etablering av desentraliserte utdanningar, digitale plattformer eller andre utdanningstilbod til personell i kommunar med lang reiseavstand til utdanningsinstitusjon.
- Fylkeskommunen kan søkje om tilskot til kompetansetiltak innan rus og psykisk helse.

### Beløp som skal fordelast i Vestfold og Telemark fylke: 29 974 000

Statsbudsjettreferanse: kapittel 761, post 68, Kompetanse og tenesteutvikling, Helse- og omsorgsdepartementet. Regjeringa har løyvd 393,7 millionar kroner i 2023 der 345,5 millionar kroner går til kompetanse- og tenesteutviklingstilskot.

### Fokus på omsorgstenestene

Merk at i nytt regelverk er «helse- og omsorgstenestene» erstatta med «omsorgstenestene». Dette inneberer en tilsikta innsnevring. Sjølve handlingsplanen Kompetanseløft 2025 er retta mot den kommunale helse- og omsorgstenesta og den fylkeskommunale tannhelsetenesta, medan tilskotsordninga med eitt unnatak er retta mot omsorgstenestene. Det har samanheng med tilpassing av ordninga til Opptappingsplan for heiltid og god bemanning i omsorgstenestene.

Unnataket er, som før, at tilsette i andre kommunale og fylkeskommunale etatar kan få tilskot til kompetansetiltak innan psykisk helse og rusfeltet.



### Rettleiing og støtte til kommunane

Ein viktig føresetnad for å møte personellutfordringane i verksemdene er at kommunane prioriterer strategisk kompetanseplanlegging. Dette vil bli støtta opp under frå Statsforvaltaren og KS sin side og gjeld særskilt distriktskommunar. Regionale støtteapparat skal rettleie og støtte kommunane til å sette kompetanseutvikling og tenesteutvikling i system for varige endringar. Statsforvaltaren skal gjennom dette bidra til en god overgang frå arbeidet med Leve hele livet til Bo trygt heime-reforma.

### Tenesteutviklingstiltak

Tilskotsordninga for 2023 seier ikkje noko om kva tema som skal prioriterast. Det er likevel laga ein inndeling når det gjeld tenesteutviklingsprosjekt. Inndelinga vil nyttast når Statsforvaltar og Helsedirektorat skal følgje opp prosjekta i samband med søknad og rapportering. Det er mogleg å søkje om inntil 5 tenesteutviklingsprosjekt:

- Heiltid og faste stillingar
- Brukarmedverknad og samspel med pårørande
- Leiing og fagutvikling
- Strategisk kompetanseutvikling og livslang læring
- Organisering av tenester og oppgåver med på vekt på det tverrfaglege
- Etablering av praksisplassar
- Involvering av friviljuge, lokalsamfunn og næringsliv
- Anna

### Tenesteutviklingstiltak – Modellar for avlastning

Opprette og teste modellar for fleksible kommunale avlastningstilbod for pårørande. Satsinga er knytt til pårørandestrategien og handlingsplanen [Vi – de pårørende \(regjeringen.no\)](https://www.regjeringen.no). Nokre av midlane er øyremerka til slike prosjekt.

### Prioriteringar

- Grunnutdanning innan helsefag og vidareutdanning av sjukepleiarar og andre høgskoleutdanna. Tilskot til etterutdanning gis berre til dei statlege satsingane som ABC-opplæring og opplæring innan BPA. Det vil si at vi ikkje kan gje tilskot til korte interne opplæringstiltak, kurs, seminar og liknande.
- Etablering av desentraliserte og distriktsvenlege høgskoletilbod
- kompetansetiltak om rus og psykiske lidingar (NAV, barnevernteneste, barnehage og skole kan søkje)
- rettleiingsteneste i samband med spesialisering for psykologar i den kommunale helse- og omsorgstenesta (gjeld ikkje utgifter til sjølve spesialistutdanninga)
- opplæring til brukarstyrt personleg assistanse (BPA): arbeidsleiarar, saksbehandlarar og assistentar. Personar som ikkje tidlegera har fått opplæring vert prioritert.

Kompetanse- og tenesteutviklingstilskotet vert sett i samanheng med Kommunal- og distriktsdepartementet sitt skjønnsstilskot, som også kan brukast til kommunal innovasjon og tenesteutvikling.

Statsforvaltaren vil sjå tildelinga av tilskotsmidlar i samanheng med kommunane sitt arbeid med langsiktig og heilskapleg planlegging knytt til berekraft, kapasitet, kompetanse og kvalitet i tenestene for å møte dei demografiske utfordringane framover. I vurderinga vår vil vi òg legge vekt på at



rekruttering og kompetanseplanlegging i omsorgstenestene er ein sentral del av kommunen sitt samfunnsplanarbeid.

#### **Korleis søkje**

Alle som søker om tilskot skal bruke eige søknadsskjema som de finn på nettstaden vår [Kompetanse- og tenesteutviklingstilskot 2023 | Statsforvalteren i Vestfold og Telemark](#) Vi gjer merksam på at skjemaet for 2023 har nokre mindre endringar, sjå kort rettleiing.

Søknaden skal sendast til Statsforvaltarens e-postadresse: [sfvtpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvtpost@statsforvalteren.no)

#### **Regelverk for tilskotsordninga**

Regelverket for tilskotsordninga finn de på nettstaden til Statsforvaltaren og på nettstaden til Helsedirektoratet.

#### **Rapportering på motteke tilskot i 2022**

Kommunane skal rapportere til Statsforvaltaren innan 15. februar 2023 for midlar som vart tildelt i 2022. Les meir om rapportering på nettstaden vår [Rapportering på kompetanse- og innovasjonstilskot 2022 | Statsforvalteren i Vestfold og Telemark](#)

Frist for rapportering av motteke tilskot for 2023 vil gå fram av tildelingsbrevet.

#### **Overføring av ubrukne midlar til 2023**

Hovudregelen er at ubrukne midlar etter søknad kan overførast eitt år, altså frå 2022 til 2023, jf. standardvilkåra for tilskot frå Helsedirektoratet [Standardvilkår for tilskot frå Helsedirektoratet - Helsedirektoratet](#).

Med helsing

Janne Wikheim Aas  
fagsjef

Ellen Bang Andersen  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*